



Saksprotokoll

Organ: Planutvalet

Møtedato: 22.06.2016

Sak nr.: 16/4635-2

Internt l.nr. 22171/16

Sak: 1/16

Tittel: **Regional plan for vassfrovaltning - Organisering av arbeidet - oppfølging og revidering av planen**

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

2. Bakgrunn for arbeidet

Planutvalet ber om at planen vert gjennomført samstundes som grunnlaget for ein revidert plan vert utarbeid.

4. Tilhøve mellom nasjonale føringar og regional styring

Planutvalet ber om at nasjonale føringar for arbeidet vert tatt med vidare og at det vert lagt opp til regionale prioriteringar når vassforvaltningsplanen vert revidert. Klimatilpassa tiltak i vassforvaltningsplanen bør samkjørast med den nye regionale planen for klima.

6. Organisering av arbeidet for planperioden 2016-2021

Arbeidsutvalet etablert i perioden 2010-2015 vert omgjort til ei administrativ eining og ei politisk eining. Administrasjonen i fylkeskommunen vil leie den administrative eininga. Den politiske eininga vert leia av leiaren i vassregionutvalet. Den politiske gruppa vi leggje vekt på god koordinering mellom leiing av vassområdeutvala og vassregionutvalet med mål om å få til ein heilskapleg forvaltning av vassførekomstane våre. I tillegg held politisk leiing av vassregionutvalet og administrasjonen fram med førebuande møte for vassregionen/vassregion-utvalet.

I planperioden 2016 til 2021 vert prosessen lagt opp slik at det vert eit tydelegare skilje mellom politisk nivå og administrasjonen.

Endringsframlegg:

1. Framlegg frå AP til punkt 4:
Siste setning vert endra frå: «Klimatilpassa tiltak i vassforvaltningsplanen bør samkjørast med den nye regionale planen for klima» til «Klimatilpassa tiltak i vassforvaltningsplanen bør samkjørast med den nye regionale planen for klima og miljø».
2. Fellesframlegg frå AP og SP til punkt 6:
Innhald i punkt 6 går ut og vert erstatta med:
«Samarbeidet mellom politisk og administrativ leiing er ekstra viktig på dette fagfeltet. Arbeidsutvalet etablert i periode 2010 – 2015, held fram arbeidet som i førre periode, i perioden 2016 – 2021».
3. Tilleggsframlegg frå MDG med understreking til sist i teksten frå Ap og Sp
Samarbeidet mellom politisk og administrativ leiing er ekstra viktig på dette fagfeltet. Arbeidsutvalet etablert i periode 2010 – 2015, held fram arbeidet som i førre periode, i perioden 2015 – 2021, men utvidast til 4 politikarar (noverande vara).

Avrøysting:

1. Framlegget til endring i punkt 4 vart samrøystes vedteke
2. Fellesframlegg frå Ap og Sp vart vedteke med 8 røyster for og 4 mot.
3. Tillegget frå MGD fekk 2 røyster og fall

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

2. Bakgrunn for arbeidet

Planutvalet ber om at planen vert gjennomført samstundes som grunnlaget for ein revidert plan vert utarbeid.

4. Tilhøve mellom nasjonale føringar og regional styring

Planutvalet ber om at nasjonale føringar for arbeidet vert tatt med vidare og at det vert lagt opp til regionale prioriteringar når vassforvaltningsplanen vert revidert. Klimatilpassa tiltak i vassforvaltningsplanen bør samkjørast med den nye regionale planen for klima og miljø.

6. Organisering av arbeidet for planperioden 2016-2021

Samarbeidet mellom politisk og administrativ leiing er ekstra viktig på dette fagfeltet. Arbeidsutvalet etablert i periode 2010 – 2015, held fram arbeidet som i førre periode, i perioden 2016 – 2021

